



Austevoll kommune

Møteprotokoll

KOMMUNESTYRE

Møtedato: 02.11.2010

Møtetid:

Kl. 15:00 – 19.00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saknr.:

148/10 - 166/10

Følgjande medl. møte:	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad (Ordførar)	Frp	Jan Ove Persen	Frp
Edvard J. Stangeland (Varaordførar)	Sp	Lars Ove Møgster	H
Jane Kirsti Stangeland	Ap	Oddvar Stangeland	H
Ove Fagerbakke	”	Ingolv Skumsnes	Sp
Andreas Risøy	”		
Jostein Blænes	Frp		
Renate Møgster Klepsvik	”		
Kjetil Østervold	”		
Olav Njåstad	”		
Øystein Østervold	”		
Narve Møgster	”		
Ingunn Berge Vik	H		
Julie Eide Solbakken	”		
Arne Kalve Klepsvik	”		
Christian Halstensen	Krf		
Torfinn Grav	”		
Av 21 medlemmer møte: 16.			
Totalt frammøtte: 20			

Forfall frå følgjande medl.:	Parti	
Helge Otterå	Frp	
Ronald Persen	”	
Kurt Franl	H	
Olav O. Østervold	”	
Ingrid Vågen Duesund	Sp	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, skulesjef Liv Margareth Østervold, helse- og sosialsjef Helge Skugstad, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestl. osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Kortversjon av kommentarar til budsjett 2011 og talbudsjettet.
Merknader:	Sak 164/10 vert trekt frå sakslista grunna notat frå rådmannen.
Innkalling:	Ingen merknader

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Ove Fagerbakke

Renate Møgster Klepsvik

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
148/10	Godkjenning møtebok kommunestyremøte 28.09.2010
149/10	Underskriving av møteboka kommunestyremøte 02.11.2010
150/10	Politisk kvarter
151/10	Referatsaker
152/10	Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.09.2010
153/10	Rekneskapsrapportar august 2010
154/10	Rekneskapsrapportar september 2010
155/10	Helse- og sosialberedskapsplan/handlingsplan for risikoreduserande tiltak
156/10	Akseptkriteria til bruk i ros-analysearbeidet i arealplanlegginga, og eventuelt anna planarbeid
157/10	Tilstandsrapport grunnskulen
158/10	Verksemdovertaking av Småtun barnehage
159/10	Rehabilitering av Småtun barnehage
160/10	Politiråd i Austevoll kommune
161/10	Søknad om å overta veg til Barmen
162/10	Gnr. 56 bnr. 0011 Drønen. 2. gongs handsaming- endeleg godkjenning av reguleringsplan
163/10	Klima- og energiplan
164/10	Gnr. 43 bnr. 608/686/229/502/234 - Reguleringsplan for Nye Storebø Senter. Mindre endring av godkjend plan. Saka er trekt frå sakslista.
165/10	Gnr. 40, bnr. 123 m.fl. Indreholmen. Endeleg godkjenning av reguleringsplan, 2.g.handsaming. Endring av eksisterande plan

148/10: Godkjenning møtebok kommunestyremøte 28.09.2010

Handsaming i møtet:

Øystein Østervold kom til møte under handsaming a sak 148/10.

Vedtak:

Møteboka frå møte i kommunestyre 28.09.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

149/10: Underskriving av møteboka kommunestyremøte 02.11.2010

Vedtak:

Til å skriva under møteboka saman med ordføraren vert valde:

Ove Fagerbakke og Renate Møgster Klepsvik

150/10: Politisk kvarter

Handsaming i møtet:

Ingunn Berge Vik kom til møte under handsaming av sak 150/10.

Ordføraren orienterte om:

Vinmonopolet skal ha styremøte 17. og 18. nov. 2010 der bl.a. sak om vinmonopol til Austevoll skal handsamast.

Møte med fylkesmann Lars Sponheim 21. oktober 2010 der tema var areal og kommuneøkonomi. Formannskapet (dei som hadde høve til å møta) og rådmannen si leiargruppe var med.

Status fiskerihamnprosjekt - firma Myklebust ser på områder for steinbrudd (utvinning av industriareal) både ved Salthella og Rabben, og ut i fra massebalanseprinsippet (hvor mye stein som trengs tas ut for å bygge moloene) beregnes de arealene som kan vinnes ut til industriareal. Dette vil bli fremkomme i skisseprosjektet som Myklebust skal levere snarleg. KU - prosessen og reguleringsplanarbeidet vil da kunne starte opp.

Sintef jobber med:

En mer detaljert studie av vind, ved å benytte målte vind-data i en sammenlignede studie av vind målt samtidig ved Slåtterøy, og benytte dette i en regularitetsmodell for området.

Undersøke muligheter for en bedre skjerming av innløpet og området ved Rabben ved å bygge en kort molo fra Bleikjo (østover) og en maksimal utnyttelse av potensialet fra Rabbholmen (vestover).

Undersøke effekten av å skjerme Djupevågen ved å forbinde de tre ytterste holmene med fastlandet ved hjelp av mindre fyllinger

I den modelleringen som evt gjøre i punkt 2 og 3 over bør samtidig effekten av å sprengne ned 3 - 4 av grunnene inne i havna inkluderes. Effekten for bølger er sannsynligvis liten, men ved fornyet modellering bør den inkluderes.

Dimensjonering av moloer med nødvendige blokkstørrelser, høyder osv.

Rapport levers også snarleg.

Ordføraren opplyste at prosjektet går sin gong og Kystverket brukar tid og ressurser på det. Målet er realisering i perioden 2014 til 2019 som tidlegare sagt.

Regional transportplan for Hordaland 2014 – 2023, vedtak i fylkestinget 13.10.2010 om å starte opp arbeidet med planen.

Det er her Torangsvågsbrua og Bjellandvegen vert spelt inn som ynskjelege prosjekt. Brua er regulert og venter på pengar. Veggen over Bjelland skal regulerast etter at kommunestyret sist sette av pengar. Oppstartsmøte for planlegging vert 19. novemeber. Formannskapet er invitert til oppstartsmøtet.

Orientering om status ferjesaka og hurtigbåtanløp.

Budsjett 2011 – kort orientering om hovedlinjene i rådmannen sitt framlegg og orientering om prosess vidare.

29. november – ekstraordinært møte i formannskapet.

Offentleg ettersyn – 14 dagar.

13. desember – kommunestyre vedtek budsjettet.

Spørsmål frå Renate Møgster Klepsvik:

Lærlingar i Austevoll kommune. Eg merkar meg at kommunen har eit mindreforbruk i rekneskapen m.o.t. lærlingposten. Austevoll kommunestyre har gått inn for styrka satsing på lærlingar.

Kan rådmannen gje ei orientering om kva slags og kor mange lærlingar me har i Austevoll kommune i dag?

Svar frå rådmannen:

Det er budsjettert midlar til 5 lærlingar, kommunen har kontrakt med 6 lærlingar. 2 av desse er i permisjon, til hausten vil ein av desse vera tilbake som lærling.

Det er 3 lærlingar i helse- og omsorgsfaget og 3 i barne- og ungdomsarbeiderfaget.

Spørsmål frå Olav Njåstad:

Føreslår at Austevoll kommune sender ei henvending til Hordaland fylke om å kappe ned trer som skjuler for sikt på RV 546 på Bjelland, frå toppen og ned mot bru til Haukanes-pollen.

Svar frå rådmannen:

Austevoll kommune skal om kort tid ha møte med vegvesenet og vil ta saka opp i dette møte.

Spørsmål frå Narve Møgster:

AIK rykte opp i 2 divisjon i haust, noko som medfører auka kostnader.

Ønskjer å gje tilskott til AIK med kr. 100.000,- og ber om at dette vert teke opp som eiga sak i møte.

Svar frå ordføraren:

Tok opp spørsmål om å ta opp sak om støtte til AIK som siste sak i møte i dag.

Det vart samrøystes vedteke å ta opp saka.

Spørsmål frå Ove Fagerbakke:

Har rådmannen ein plan for/strategi for å få redusert talet på uønska deltidsstillingar i samband med samanslåing av PO-sentra, også sett i samanheng med at det bør vera mogleg å få til sektorovergripande stillingar (helse- og sosial og skule).

Svar frå rådmannen:

Prosjekt for å kartlegga uønska deltidsstillingar, prosjektet er ikkje fullført grunna manglande ressursar. Kommunen har difor ikkje full oversikt over dette.

Det er grunnlag for å redusera bruken av deltidsstillinger i samband med samanslåing av PO-sentra.

Spørsmål frå Edvard Johannes Stangeland:

Spørsmål 1:

Etterlyser svar på brev sendt den 06.05.10 og 10.06.10 vedk. samarbeid kommunen og private når det gjeld asfaltering av veg Grasdøl/Grasdølssjøen.

Spørsmål 2:

Lys på veg frå rundkøyring Kolbeinsvik og opp bakken til skulen. Kven har ansvaret her, er det kommunen eller kraftlaget. Ein må snarast frå lys i desse lyktene og finna ut kven som har det formelle ansvar pr. dags dato. Denne vegen vert nytta av skulebarn, 6-åringar som nyttar vegen i mørketida.

Svar frå rådmannen:

Spørsmål 1:

Kommunen skal gje svar etter forvaltningslova innan 3 veker, foreløpig svar.

Spørsmål 2:

Austevoll kraftlag fekk tidlegare tilskot frå kommunen, denne er sagt opp. Hordaland fylkeskommune har overteke dette.

I budsjettframlegg 2011 er det sett opp ein liten sum til veglys der det er offentleg bygg, skular/sjukaheimar.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

151/10: Referatsaker

Handsaming i møtet:

Merknader frå Jostein Blænes, Frp, til pkt. 3, e-post frå Lysglimt vedk. mast på Storebø – fiber til ertatning for antenner. Oppmoder kommunen om å ta kontakt med Lysglimt og Telenor, jfr. e-post frå Lysglimt v/Nils Arne Bjånes.

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre vedlagt oppmoding om å ta kontakt med Lysglimt og Telenor i samband med mast på Storebø.

152/10: Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.09.2010

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 29.09.2010 til orientering.

153/10: Rekneskapsrapportar august 2010

Handsaming i møtet:

Sak 153 og 154 vart handsama under eit.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter august 2010 til orientering

154/10: Rekneskapsrapportar september 2010

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter september 2010 til orientering.

155/10: Helse- og sosialberedskapsplan/handlingsplan for risikoreduserande tiltak

Vedtak:

Austevoll kommunestyre har handsama Helse- og sosialberedskapsplan, samt Handlingsplan for risikoreduserande tiltak. Kommunestyret gjer fylgjande vedtak i saka:

1. Helse- og sosialberedskapsplan vert godkjent slik den ligg føre. Administrasjonen får fullmakt til å ferdigstille vedlegg (aksjonsplanar) til beredskapsplanen.
2. Handlingsplan for risikoreduserande tiltak vert godkjent slik den ligg føre. Gjennomføring av risikoreduserande tiltak der Austevoll kommune er ansvarleg må kostnadsreknast og vert å gjennomføre innanfor vedtekne budsjett. Der Austevoll kommune ikkje er ansvarleg vert dei aktuelle verksemder tilskrevet med anmodning om å gjennomføre risikoreduserande tiltak som går fram av handlingsplanen og som gjeld deira ansvarsområde.

156/10: Akseptkriteria til bruk i ros-analysearbeidet i arealplanlegginga, og eventuelt anna planarbeid

Vedtak:

Austevoll kommunestyre har handsama sak om akseptkriteria til bruk i ROS-analysearbeidet og anna planarbeid i kommunen og risikomatrise til bruk ved arealplanlegging.

1. Austevoll kommunestyre vedtek vedlagd akseptkriteria til bruk i ROS-analysearbeidet slik den ligg føre.
2. Austevoll kommunestyre vedtek vedlagd mal risikomatrise til bruk ved reguleringsplan slik den ligg føre.
3. Austevoll kommunestyre vedtek vedlagd mal risikomatrise til bruk i kommuneplan slik den ligg føre.

157/10: Tilstandsrapport grunnskulen

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg frå Frp v/Renate Møgster Klepsvik:

”Austevoll kommunestyre ber om at det vert sett igong tiltak for å reversera den negative utviklinga på mellomtrinnet.”

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken:

Austevoll kommunestyre tek rapporten ”Kvalitet i Austevollskulen 2008 – 2010” til etterretning.

Det vart røysta over tenesteutvalet si tilråding og Høgre sitt framlegg.

Tilrådinga vart vedteke med 12 mot 8 for framlegget, som falt (Ap + H).

Det vart deretter røysta over tilleggsframlegget frå Frp, 10 røysta for (Frp og Sp) og 10 røysta mot (Høgre, Ap og Krf). Framlegget vart vedteke med ordføraren si dobbeltrøyst.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rapporten ”Kvalitet i Austevollskulen 2008 – 2010” til orientering.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert sett igong tiltak for å reversera den negative utviklinga på mellomtrinnet.

158/10: Verksemdovertaking av Småtun barnehage

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Renate Møgster Klepsvik:

”Austevoll kommunestyre vedtek å gå for verksemdovertaking av Småtun i tråd med rådmannen sitt alternativ 2 i notat til kommunestyret 31.10.2010

Austevoll kommunestyre legg vekt på dette i vurderinga:

- Det er behov for utbygging av meir kapasitet nord i kommunen slik at ein unngår hausten 2011 å måtte tilby 16 plassar sør i kommunen for foreldre som ynskjer plass nord i kommunen.
- Det er ikkje lov eller ynskjeleg at kommunen skal ”tvangsflytte” barn når dei blir 3 år frå private barnehager til Småtun for å unngå at 16 plassar ikkje vert 23 jmf notatet til rådmannen. Dermed vil det vera stor risiko for at Småtun ikkje får fullt belegg og dermed kostprisen vil gå svært mykje opp.
- Kommunestyret ynskjer betre lokaler enn dagens Småtun som ikkje er gode nok i dag eller nok framtidsretta.
- Kommunestyret viser til at tilboda frå private sikrar tilsette likeverdig løn og pensjonsvilkår.
- Kommunestyret meiner det er risiko å belage seg på at Småtun skal vera referansepunkt for utbetaling til dei andre private då det egentleg ikkje er tilrettelagt for småbarnsplassar og ingen garanti for at det alltid vil vera nokon inne på dispensasjon. Grunna dette svingar og beløpet Småtun kostar kvar opphaldstime frå både over og under snittet som staten har fastsett i ny forskrift.
- Kommunestyret vil påpeike at å bygge stor ny kommunal barnehage som driv meir effektivt slik at kostnaden per opphaldstime går mykje ned vil gje det resultat at det vert vanskeleg å halde opp drifta ved dei minste barnehagane i Austevoll då tilskottet i så fall ville gått ned og då ville kanskje og Austevoll ikkje lenger ha full barnehagedekning. Kommunestyret viser og til rådmannen sitt notat der det kjem fram at Telemarkforskning har stilt spørsmålsteikn om kommunen kan klare å drive barnehage for 42,5- pr opphaldstime.
- Å nytte staten sin sats for barnehagetilskott skapar forutsigbarhet både for kommunen og dei private barnehagane med tanke på storleik på tilskottet.

Austevoll kommunestyre ynskjer at ny barnehage vert bygd på tomten til Småtun så langt ein kan finne gode mellombelse løysingar i byggeperioden.

Austevoll kommunestyre ser for seg overtaking 1.8.2011. Berekning av kommunalt tilskott vert i 2011 gjort gonger basert på barnetal pr 15.12 (nivå på Småtun drift), 15.08 (kostnadsnorm).

Austevoll kommunestyre ber rådmannen lyse ut på fri konkurranse kva aktør som skal få verksemdovertaking. Konkurranseelement vert: Pris på kjøp av Småtun barnehage, ferdigstillelse dato, gjennomførbarheten av planane og om barnehagen kan tilby minst likeverdig løn og pensjonsvilkår. Sak om tildeling vert lagt fram for kommunestyret 13. desember 2010.”

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken:

”Som Frp sitt framlegg med følgjande endringer:

1. setning:

Austevoll kommunestyre vil vurdere å gå for verksemdovertaking av Småtun i tråd med rådmannen sitt alternativ 2 i notat til kommunestyret 31.10.2010

1. setning i siste avsnitt:

Austevoll kommunestyre ber rådmannen lyse ut på fri konkurranse kva aktør eventuelt som skal få verksemdovertaking

Tillegg til siste avsnitt:

Austevoll kommunestyre står fritt til å kasta innkomne tilbod.”

Framlegg frå Arbeiderpartiet v/Andreas Risøy:

”1. Austevoll kommunestyre går ikkje inn for verksemdovertaking av Småtun barnehage.

2. Austevoll kommune må starte planlegging av opprustning evt. nybygg av Småtun barnehage, slik at den kan ta imot born under 3 år.”

Det vart først prøverøysta over Frp sitt framlegg der 9 røysta mot (Ap og H, Krf v/repr. Christian Halstensen) og 11 røysta for (Frp og Sp, Krf v/repr. Torfinn Grav).

Det vart deretter røysta over framlegget frå Frp som vart vedteke mot 9 røyster (Ap og H, Krf v/repr. Christian Halstensen).

Protokolltilførsle frå ordføraren:

Austevoll kommunestyre føreset at rådmannen syter for at det i teksten i utlysinga kjem fram at kommunen kan forkaste alle tilbod viss det er sakeleg grunn.

Christian Halstensen fekk permisjon etter handsaming av saka.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek å gå for verksemdovertaking av Småtun i tråd med rådmannen sitt alternativ 2 i notat til kommunestyret 31.10.2010

Austevoll kommunestyre legg vekt på dette i vurderinga:

- Det er behov for utbygging av meir kapasitet nord i kommunen slik at ein unngår hausten 2011 å måtte tilby 16 plassar sør i kommunen for foreldre som ynskjer plass nord i kommunen.
- Det er ikkje lov eller ynskjeleg at kommunen skal ”tvangsflytte” barn når dei blir 3 år frå private barnehager til Småtun for å unngå at 16 plassar ikkje vert 23 jmf notatet til rådmannen. Dermed vil det vera stor risiko for at Småtun ikkje får fullt belegg og dermed kostprisen vil gå svært mykje opp.
- Kommunestyret ynskjer betre lokaler enn dagens Småtun som ikkje er gode nok i dag eller nok framtidsretta.
- Kommunestyret viser til at tilboda frå private sikrar tilsette likeverdig løn og pensjonsvilkår.
- Kommunestyret meiner det er risiko å belage seg på at Småtun skal vera referansepunkt for utbetaling til dei andre private då det egentleg ikkje er tilrettelagt for småbarnsplassar og ingen garanti for at det alltid vil vera nokon

inne på dispensasjon. Grunna dette svingar og beløpet Småtun kostar kvar opphaldstime frå både over og under snittet som staten har fastsett i ny forskrift.

- Kommunestyret vil påpeike at å bygge stor ny kommunal barnehage som driv meir effektivt slik at kostnaden per opphaldstime går mykje ned vil gje det resultat at det vert vanskeleg å halde opp drifta ved dei minste barnehagane i Austevoll då tilskottet i så fall ville gått ned og då ville kanskje og Austevoll ikkje lenger ha full barnehagedekning. Kommunestyret viser og til rådmannen sitt notat der det kjem fram at Telemarkforskning har stilt spørsmålsteikn om kommunen kan klare å drive barnehage for 42,5- pr opphaldstime.
- Å nytte staten sin sats for barnehagetilskott skapar forutsigbarhet både for kommunen og dei private barnehagane med tanke på storleik på tilskottet.

Austevoll kommunestyre ynskjer at ny barnehage vert bygd på tomten til Småtun så langt ein kan finne gode mellombelse løysingar i byggjeperioden.

Austevoll kommunestyre ser for seg overtaking 1.8.2011. Berekning av kommunalt tilskott vert i 2011 gjort gonger basert på barnetal pr 15.12 (nivå på Småtun drift), 15.08 (kostnadsnorm).

Austevoll kommunestyre ber rådmannen lyse ut på fri konkurranse kva aktør som skal få verksemdovertaking. Konkurranseselement vert: Pris på kjøp av Småtun barnehage, ferdigstillelse dato, gjennomførbarheten av planane og om barnehagen kan tilby minst likeverdig løn og pensjonsvilkår. Sak om tildeling vert lagt fram for kommunestyret 13. desember 2010.

Protokolltilførsle frå ordføraren:

Austevoll kommunestyre føreset at rådmannen syter for at det i teksten i utlysinga kjem fram at kommunen kan forkaste alle tilbod viss det er sakleg grunn.

159/10: Rehabilitering av Småtun barnehage

Vedtak:

Saka er uaktuell, jfr. vedtak i sak 158/2010.

160/10: Politiråd i Austevoll kommune

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg frå Frp v/Narve Møgster punkt nr 2.

Og 2 utpeika av Austevoll kommunestyre

Austevoll kommunestyre vel for kommunestyreperioden 2007 – 2011

Medlem:

Ronald Persen, FrP

.....

Varamedlemar (personlege):

Torfinn Grav

Tilleggsframlegg frå Ap v/Ove Fagerbakke:

Medlem:

Jane Stangeland

Varamedlemar (personlege):
Ingunn Berge Vik

Det vart røysta over tilrådinga og tilleggsframlegg frå Frp som vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Ap vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjer, under føresetnad av liknande vedtak hos lensmannen i Austevoll, følgjande vedtak om oppretting av Politiråd i Austevoll kommune:

1. For å oppnå formalisert samarbeid mellom Austevoll kommune og lensmannen i Austevoll vert det frå og med 1. desember 2010 oppretta Politiråd i Austevoll. Målet med opprettinga er å sikra godt, jamt samarbeid og felles innsats for ”tryggleik og trivnad” i kommunen.
2. Politirådet skal vera samansett av 2 representantar frå kommunen, 2 utpeika av Austevoll kommunestyre og 2 frå lensmannen, alle med personlege vararepresentantar. Frå kommunen vert oppnemnd ordførar, med varaordførar som vararepresentant og rådmannen med nestleiar som vararepresentant.
Austevoll kommunestyre oppnemner Ronald Persen og Jane Stangeland som medlemmer med personlege varamedlemar Torfinn Grav og Ingunn Berge Vik.
Frå lensmannen møter lensmannen sjølv, med vararepresentant oppnemnd av lensmannen og representant med personleg vararepresentant oppnemnd av lensmannen
Ordførar er leiar for politirådet, med lensmannen som nestleiar.
3. Rådet vert utvida med fagpersonar avhengig av aktuelle saker/problemstillingar. Leiar avgjer kven som evt. skal kallast inn til møte.
4. Rådet skal ha minst 3 møter for året. Minst eitt av møta skal haldast i forkant av utarbeiding av årsbudsjett/økonomiplan.
5. Politirådet skal rapportera til kommunestyret ein gong for året, då i samband med budsjettprosessen for påfølgjande år. Ved første gong rapportering skal det leggjast fram sak om evt. trong for tilføring av ressursar til rådet sitt arbeid.
6. Politirådet sitt arbeid skal byggja på avtale slik som framlagt som vedlegg til denne saka.

161/10: Søknad om å overta veg til Barmen

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Austevoll kommunestyre vedtek å ikkje avhende denne vegen.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Frp.
Framlegget frå Frå vart samrøystes vedteke.

KST-161/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek å ikkje avhende denne vegen.

162/10: Gnr. 56 bnr. 0011 Drønen. 2. gongs handsaming- endeleg godkjenning av reguleringsplan

Handsaming i møtet:

Merknad frå Andreas Risøy:

Ber om at det i liknande saker vert lagt fram kart med pil som viser tydeleg kor i kommunen området ligger.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av PBL § 12-12, vedtak av reguleringsplan for gnr. 56 bnr. 11 Drønen.

Føresegnene og plankartet er datert 17.06.10.

Planen med planskildring skal kunngjerast i minst ei avis, og på kommunen sine heimesider.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering

163/10: Klima- og energiplan

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg frå Frp v/Helge Andre Njåstad:

Endring ihht til vedlagte foiler.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Frp vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek Klima- og energiplanen for Austevoll som ein del av kommuneplanen for Austevoll.

Økonomiske føresetnader for oppfølging av forprosjekta og iverksetjing av planen må takast med under budsjethandsaminga.

Endring ihht til vedlagte foiler.

164/10: Gnr. 43 bnr. 608/686/229/502/234 - Reguleringsplan for Nye Storebø Senter.

Mindre endring av godkjend plan

Saka går ut.

165/10: Gnr. 40, bnr. 123 m.fl. Indreholmen. Endeleg godkjenning av reguleringsplan, 2.g.handsaming. Endring av eksisterande plan

Handsaming i møtet:

Jane Stangeland og Oddvar Stangeland var ugild under handsaming av saka.

Vedtak:

Kommunestyret i Austevoll vedtek i medhald av PBL § 12-12 å godkjenne reguleringsplanen for gnr. 40, bnr. 123 m.fl. Indreholmen.

Dette er ei endring/utviding av eksisterande reguleringsplan for Indreholmen.

Føresegner og plankart er datert 28.10.10.

Vedtaket vert sendt til råka parter, grunneigarar, naboar og uttaleinstansane for klagevurdering.

Planen med planskildring skal kunngjerast i minst ei avis.

***** TILLEGGSSAKER *****

166/10: Tilskott til Austevoll idrettsklubb

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Narve Møgster:

Austevoll kommunestyre gratulerer Austevoll idrettsklubb med opprykk til 2. divisjon.

Austevoll kommunestyre løyver kr 100.000,- i tilskott til idrettslaget finansiert av rådvelde potten (ekstra ordinære midlar) til kommunestyret (650.000,- frigjort jmf rådmannen sitt notat til kommunestyret)

Austevoll kommune disponerer 550.000,- (resten) til punkt 1 (barnevern) og 2 (fysioterapi) i rådmannen sitt notat.

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre løyver kr 100.000,- i tilskott til idrettslaget finansiert av rådvelde potten (ekstra ordinære midlar) til kommunestyret (650.000,- frigjort jmf rådmannen sitt notat til kommunestyret)

Austevoll kommune disponerer 550.000,- (resten) til punkt 1 (barnevern) og 2 (fysioterapi) i rådmannen sitt notat.